

Noreg sit stilt i Burma-båten

□ DAG OG TID 28.11.2014 Side 7 - Seksjon: SAMFUNN - Del: 1

Forfatter: THERESE SOLLIEN E-post: therese@dagogtid.no

SAMTALEN: Harald Bøckman Styreleiar i Burmakomiteen
AKTUELT: Norsk næringsliv, Innovasjon Norge og kongeparet skal på Burmatur.

Neste veke reiser 35 norske føretak til Burma saman med kongeparet. Auka investeringar i eitt av verdas mest vanskytete land gjev òg større ansvar, minner Burmakomiteen om.

I 1991 fekk Aung San Suu Kyi Nobels fredspris, og sidan då har Noreg hatt eit særst tett tilhøve til Burma. Berre ein månad etter utdelinga av fredsprisen vart Burmakomiteen skipa. Seinare har komiteen vore med på å etablere radiostasjonen Democratic Voice of Burma og samarbeidd med den burmesiske eksilregjeringa.

Men dei seinaste åra har den norske regjeringa lagt om politikken.

No er regjeringa mellom dei sterkaste støttespelarane til den burmesiske regjeringa og vert hylla av hærsjefen i Burma for det sokalla konstruktive engasjementet sitt. Aung San Suu Kyi uroar seg over utviklinga.

- Korleis har regjeringa endra kurs i Burmapolitikken dei seinaste åra?

- Då endringane i Burma byrja å taka form i 2011, var Noreg mellom dei fyrste som kutta stønaden til eksilorganisasjonar i Thailand - organisasjonar som hadde bygt opp viktig kompetanse over mange år og som hadde verdifulle kontaktnett inn i det burmesiske samfunnet. Det var kan henda basert på ei naiv tru på at når diktaturet løyste opp jarngrepet, ville sivilsamfunnet i Burma greia seg sjølv. I dei seinaste åra har norsk diplomati konsentrert seg om å byggja tillit og sam arbeid med regimet og å stø organisasjonar som samarbeider tett med styremaktene, framfor å stø ein demokratisk opposisjon som slit med å utvikla organisatorisk og politisk dugleik. Før sprang norske diplomatar nærast ned dørene hjå Aung San Suu Kyi, men etter 2011 har omkvedet frå dei same diplomatane vore at hennar status og rolle i Burma er sterkt overdriven.

- Kva bør Noreg gjera annleis?

Kva makt har eit lite land som Noreg til å påverka Burma?

- Noreg har hatt ein enorm prestisje i Burma grunna fredsprisen til Aung San Suu Kyi og den konsekvente stønaden til den demokratiske opposisjonen i eksil i dei mange og lange åra då det såg mørkast ut. Men frå 2010 har bodskapen frå norsk diplomati vore: «Don't rock the boat», underforstått, ikkje gå for langt i kritikk av det burmesiske regimet. Jamvel eksilradioen Democratic Voice of Burma fekk ein peikefinger frå norske diplomatar.

Den tidlegare militærjuntaen sette ikkje i gang reformer for å øydeleggja seg sjølv, men for å legitimera seg sjølv ved å setja i verk kontrollerte reformer. Men desse har stogga opp dei siste to åra. Det er med andre ord nok av uløyste problem som norsk diplomati kan taka fatt i i samarbeidet med burmesiske styremakter.

Men viktigare er det at det vert ei betre jamvekt i den stønaden Noreg yter, som syner att ei forståing om at det berre



Les også

- [Vil bli president i Myanmar](#)
Aftenposten - 07.06.2013
- [PRESIDENT](#)
Nordlys - 07.06.2013
- [Frykter Aung San Suu Kyi kan dø](#)
Agderposten - 15.05.2009
- [Vis flere](#)

er ved å styrkja det burmesiske sivilsamfunnet ein kan gå vidare på vegen mot eit demokratisk samfunn.

- Kvifor reiser kongeparet til Burma? Kva vil Noreg få ut av å styrkja tilhøvet til landet?

- Vitjinga er ei attvitjing frå statsvitjinga til president U Thein Sein våren 2013. Det er flott at kongefamilien vitjar dette fascinerande landet, og me vonar at det vil gjeva tilskot til betre forståing for Burma mellom deltakarane, men òg at Burma får meir mediemerkeemd enn slik det har vore i det siste. Den norske delegasjonen syner att dei norske satsingsområda i Burma, som handlar om næringsutvikling og utvikling elles, særleg innanfor helse og utdanning. Det er vel og bra, men det kan verka som om det syner att den solheimske naive trua på at berre mellomklassen kan vera garanti for ei demokratisk utvikling. Det kan like gjerne henda at dette vil gjeva tilskot til å sementera eit korrump system som ein finn i heile Sørøst-Asia, nemleg kameraderikapitalisme.

Burmakomiteen har elles sendt kongefamilien eit lengre brev som gjev bakgrunn for dagens situasjon i Burma og Noregs tilhøve til landet.

- Burmakomiteen har gjeve uttrykk for at Børge Brende bør knyta sterkare band til demokratorsla i Burma. Korleis kan han gå fram for å gjera det?

- Med dei tette banda Noreg har utvikla til regimet og den tilsvarande neglisjeringa av støtte til dei demokratiske kreftene, står Noreg i fare for å spela bort det gode omdømet sitt i landet.

Om han har problem med å stø opp om utvikling av demokratisk dugleik nedanfrå av otte for å støyta regimet på mansjettane, må han gjerne kanalisera slik stønad gjennom Burmakomiteen, som har både gode kontaktar og røynsle med slike former for demokratifremjande verksemd.

"«Det syner att den solheimske trua på at berre mellomklassen kan vera garanti for ei demokratisk utvikling»."

Bildetekst:

- Neste veke reiser Innovasjon Norge og 35 norske føretak til Burma saman med kongeparet.

© Dag og Tid